Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Fylke: Sogn & Fjordane

Tilleggsspørsmålnr. 6 Herad: Stryn

Emne: Folkelege Musikkinstrument Bygdelag:

Oppskr. av: Lærar Per Solheim Gard:

(adresse): Oppstryn G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Klaus Berge, gardbr., 89 år. adr. Oppstryn.

SVAR

1. Ja, slike lurar er kjende og dei var oftast laga av bjørkebork, - men sumtider også av orebork. Det vert ikkje nytta noko „lydskapande ~~lyd~~ ved munningsenden."

2. Ukjendt.

3. Ein kjenner ikkje til noko serskilde namn på ranglar, - så det er uråd å svara noko i dette.

4. Det kan vore vanleg å smella revebjøller og blåklokker, - også det å leggja eit blad på handa og så slå til dette. Å leggja nøtteskal i elden er også kjendt. Men at der ligg noko serskildt i dette det kjenner ein ikkje til. Om truer i høve dette eller skal, - det kjenner ein heller ikkje til.

6941

5.

Det seiest at dei lytta etter lydar i fjöset. Desse lydane spådde vondt eller godt etter som dei var og vart tolka. Men lydar frå sjölve fjösmuren tydde ulykke. Ofte skjöna dei at det var ein röyskatt, - men lyder frå han og tydde ulykke av eit eller anna slaget.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6941